



STORTINGET

Innst. 247 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Meld. St. 19 (2024–2025)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Års- melding 2024 for pensjonsordninga for stortings- representantar og regjeringsmedlemer

Til Stortinget

1. Sammendrag

Lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer (stortings- og regjeringpensjonsloven) blei sett i kraft 1. januar 2012. Frå same tidspunkt blei lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder og lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter oppheva.

Det blir her lagt fram ei melding om utviklinga i pensjonsordninga i 2024. Meldinga inneheld ei oversikt over dei viktigaste ytingane i pensjonsordninga etter nye og gamle oppteningsreglar, og ei oversikt over utviklinga i ordninga i 2024.

I kapittel 2 i meldinga er det gjort greie for pensjonsordninga, herunder også om hovudtrekk i dei tidlegare pensjonsordningane for stortingsrepresentantar og for statsråder.

1.1 Utvikling i 2024 for pensjonar opp- tent som stortingsrepresentant

Totalt 386 personar fekk ved utgangen av 2024 pensjon på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som stortingsrepresentant (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

Det er i kapittel 3 i meldinga gjort nærare greie for gjennomsnittleg månadleg utbetaling, fordeling på kvinner og menn, og gjennomsnittleg pensjonsalder.

1.1.1 ALDERSPENSJON

Ved inngangen til 2024 var det 298 alderspensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore avgang på 17 personar og tilgang på ni personar. Per 31. desember 2024 var talet på alderspensjonistar 290 personar.

1.1.2 UFØREPENSJON

Ved inngangen til 2024 var det tre uførepensjonistar i ordninga. Det har ikkje vore nokon avgang, men det har vore tilgang på éin person i løpet av året. Per 31. desember 2024 var det fire uførepensjonistar i ordninga.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2024.

1.1.3 ETTERLATNEPENSJON (EKTEFELLE- OG BARNEPENSJON)

Ved inngangen til 2024 var det 89 ektefellepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore avgang på fire personar og tilgang på sju personar. Per 31. desember 2024 var talet på ektefellepensjonistar 92 personar.

1.1.4 REKNESKAP FOR 2024

Pensjonane blir dekte over kap. 4 Stortinget. I statsrekneskapen blei det utgiftsført 74 865 407 kroner til pensjonar, som er ein auke på litt over ein million kro-

ner frå 2023. Administrasjonskostnadene var i 2024 på 1 382 323 kroner, som er ein liten auke frå 2023.

1.2 Utvikling i 2024 for pensjonar opptent som regjeringsmedlem

Ved utgangen av 2024 fekk totalt 108 personar ein pensjon frå pensjonsordninga på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som regjeringsmedlem (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

Det er i kapittel 4 i meldinga gjort nærare greie for gjennomsnittleg månadleg utbetaling, fordeling på kvinner og menn, og gjennomsnittleg pensjonsalder.

1.2.1 ALDERSPENSJON

Ved inngangen til 2024 var det 71 alderspensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore avgang på to personar og tilgang på éin person. Per 31. desember 2024 var talet på alderspensjonistar 70 personar.

1.2.2 UFØREPENSJON

Ved inngangen til 2024 var det ingen uførepensjonistar i ordninga. Det har vore tilgang på éin person i løpet av året. Per 31. desember 2024 var det éin uførepensjonist i ordninga.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2024.

1.2.3 ETTERLATNEPENSJON

Ved inngangen til 2024 var det 38 ektefellepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore avgang på tre personar og tilgang på éin person. Per 31. desember 2024 var talet på ektefellepensjonistar 36 personar.

Ved inngangen til 2024 var det éin person som tok imot barnepensjon. Det har ikkje vore tilgang eller avgang på mottakarar i løpet av året. Per 31. desember 2024 var det framleis berre éin mottakar av barnepensjon.

1.2.4 REKNESKAP FOR 2024

Pensjonsordninga for regjeringsmedlemer blir gitt tilskot til under kap. 612 Tilskudd til Statens pensjonskasse. I statsrekneskapen blei det utgiftsført 17 308 491

kroner til pensjonar, som er ein liten auke frå 2023. Administrasjonskostnadene utgjorde 336 452 kroner, som er ein nedgang frå 2023.

1.3 Sentrale hendingar i 2024

Det blei utført inntektskontroll på alle som tok imot pensjon etter 75-årsregelen, for å sikre at ingen har hatt inntekt som overstig inntektsgrensa. Kontrollen gjaldt for inntektsåret 2023. Alle som blei kontrollerte, var innanfor inntektsgrensa.

I løpet av sommaren/hausten 2024 blei det, ut frå skatteoppgjeret for 2023, gjennomført etteroppgjer for alle uførepensjonistar i ordninga. Det blir gjort for å sikre at uførepensjonen er berekna ut frå den eventuelle inntekta ein har hatt samtidig med uførepensjon.

I 2024 blei alderspensjonar under utbetaling, og etterlatnepensjon til etterlatne som er 67 år eller eldre, regulert med eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst. Reguleringa utgjorde 2,76 pst. Uførepensjon og etterlatnepensjon for dei under 67 år blir regulert som veksten i grunnbeløpet, som utgjorde 4,56 pst. i 2024.

2. Komiteens behandling

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

3. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tone E. Berge Hansen, Per Vidar Kjølmoen, Torbjørn Vereide og Bente Irene Aaland, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, fra Fremskrittspartiet, Alf Erik Bergstøl Andersen og Dagfinn Henrik Olsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø og lederen Freddy André Øvstegård, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, og fra Rødt, Mímir Kristjánsson, viser til Årsmelding 2024 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer, og har ingen merknader.

4. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 19 (2024–2025) – Årsmelding 2024 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer – vedlegges protokollen.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 29. april 2025

Freddy André Øvstegård

leder og saksordfører

